

ÅRSMØTE I KLEPP MÅLLAG 30.01.2014

Torsdag den 30. januar 2014 hadde Klepp Mållag årsmøte i møtelokalet til Klepp Sparebank.

26 personar møtte.

Møtet starta med eit flott musikalsk innslag på munnspel ved Georg Pollestad.

Deretter blei Torvald Tu-prisen for 2013 tildelt til bygdeavisa *Orrebuen*. *Orrebuen* har eksistert i meir enn 35 år og Anders B. Erga har vore ansvarleg redaktør mest like frå starten av bladføretaket.

Orrebuen blir gitt ut i fellesskap av lag og foreningar i Orre. *Orrebuen* er eit identitetskapande tiltak, og *Orrebuen* får Torvald Tu-prisen 2013 for å ha brukt nynorsk på ein framifrå måte.

Leiar i Noregs Mållag, Marit Aakre Tennø hadde eit interessant foredrag om nynorskbruken i dag og korleis distriktspolitikken hadde konsekvensar for spåskifte frå nynorsk til bokmål. Ho nemnde spesielt at i pressområde som Bergen, Stavanger og Ålesund var nynorskbruken på vikande front. I bygder med massiv tilflytting som t.d. Hemsedal hadde nynorsken hatt tilbakegang, medan Ål i Hallingdal nytta alle elevane fortsatt nynorsk i grunnskulen. Ho nemnde at det var svært viktig at det blei produsert nynorske tekstar både i bøker, aviser og media elles. Nynorsken treng eit særskilt vern. Ho framheva at mållova er svært viktig og at sidemålsundervisninga blir styrka.

Noregs Mållag kom til å følgja godt med og visa engasjement når det galdt reformen om samanslåing av kommunar i Noreg som er varsla av regjeringa. Dersom dei små kommunane blir slukt av dei store, kan det få konsekvensar for nynorskbruken kring om i landet. Elles syntes Marit Aakre Tennø til at Klepp Mållag hadde lagt ned eit godt og solid arbeid i året som har gått. Ho viste særleg til den innsatsen som laget hadde lagt ned i Språkåret og Ivar Aasen-året 2013.

Elsa Berit Hattaland las diktet « Sommaråkeren » av Torvald Tu før det blei pause med kaffi, kaker og gildt drø.

Årsmøtesaker :

- Innkalling og sakliste blei godkjent.
- Nils Olav Østrem blei vald som møteleiar og Brit Karlsen Ree møteskrivar.
- Folke Ravndal og Margareth Skrettingland Roba blei valde til å skriva under møteboka.
- Årsmeldinga blei lagt fram av Nils Olav Østrem. Årsmeldinga blei godkjent.
- Rekneskapen blei lagt fram av Eli Skjæveland Tengedal. Rekneskapen blei godkjent.
- Arild Ånestad blei vald som revisor for eitt år.
- Årspengar blir kr 350,- som i 2013.
- Nye lover for Klepp Mållag blei godkjent med ei endring i § 5c) »Ettersynsmann/-kvinne for rekneskapen blir vald for eitt år om gongen».
- Framlegg til arbeidsprogram for Klepp Mållag for 2014 blei godkjent.

Val:

Else Berit Hattaland blei vald til leiar for eitt år.

Berit Brusli og Anvor Erås blei valde som nye styremedlemer for 2 år.

Ove Harald Fossen blei vald som styremedlem for eitt år. Då manglar styret varamedlemer det komande året.

Else Berit Hattaland blei vald som landsmøteutsending 4.-6.4.2014 – Oslo (Gardemoen).

Leiar og to styremedlemer blei valde til utsendingar til årsmøtet i Rogaland Mållag 2014.

Varautsendingar: Styremedlemer og varamedlemer elles.

Nils Olav Østrem blei vald som ny medlem av valnemnda.

Det blei delt ut blomar til representantar for *Orrebuen* og til dei medlemmane som har gått ut av styret.

Til slutt takka Konrad Bråtveit for det gode arbeidet som styret har lagt ned i 2013.

Kleppe, den 03.02.2014

Brit Karlsen Ree
Brit Karlsen Ree – skrivar

Falkes Ravnadal
Margareth Skretting Lund Røla